

Åmli Senterparti er eit nærmiljøparti som vil:

- At Åmli framover skal vere eigen kommune
- Ta heile kommunen i bruk. Det skal vere attraktivt å bu i alle delar av Åmli
- Arbeide for å levere gode tenester til alle innbyggjarane våre i heile kommunen
- Sørge for at eigedomsskatt for bustad og fritidsbustader ikkje blir innført i perioden 2023 -2027
- Sikre eksisterande næringsliv og støtte tiltak som kan skape vekst i heile kommunen
- Ha eit spesielt fokus på utvikling av lokalt landbruk, sikker matproduksjon og jordvern
- Støtte opp om kultur- og fritidsaktiviteter for barn og ungdom
- Ta vare på den gode standarden kommunen har på ÅPOS og heimbaserte tenester
- Sikre lokalt brannvesen og ambulansetenester, og arbeide for å styrke det lokale politikontoret
- Ha høgt fokus på vedlikehald av kommunale bygg
- Synleggjere det fleirkulturelle Åmli, og arbeide for god integrering
- Skape gode oppvekstvilkår, og bygge identitet og stoltheit i heile kommunen
- Arbeide for å oppretthalde god beredskap i kommunen
- Drive aktiv marknadsføring av Åmli kommune



Bjørn Gunnar Baas er vår ordførerkandidat

Kandidatane våre til kommunestyret


1. Bjørn Gunnar Baas
2. Kari-Anne Håland Moe
3. Ole Kristian Nylund
4. Guro Valle Engenes
5. Harald Seland
6. Christine Rønningen Olstad
7. Terje Ramse
8. Silje Flåstøyl
9. Kai Helge Vorland
10. Bente Espebu
11. Sondre Stormo
12. Trine Krossbekk Agersborg
13. Ben David Berås
14. Tove Nævisdal
15. Olav T. Vehus
16. Knut Audun Askland
17. Eivind Riisland
18. Kjetil Strand



Senterpartiet
Åmli



Senterpartiet
Åmli



NÆR FOLK

i heile
ÅMLI

senterpartiet.no/amli

Kva vil Åmli Senterparti gjere for:

Ungdom, kultur og fritid:

- Gje tilbod om sommarjobb til ungdom
- Støtte vidareutvikling av motorsportsenteret på Langmoen, til t.d. organisert snøcross
- Gje støtte til frivillige lag og organisasjonar som tilbyr aktivitetar for alle, men spesielt retta mot ungdom. T.d, jegerprøve, ungdomsklubb og idrettstilbod
- Ta vare på kyrkjene i kommunen, som ein del av kulturarven vår
- Sikre open svømmehall, og utvide opningstida.
- Oppretthalde ein attraktiv badeplass på Engenes
- Halde fram med å gje lag og organisasjonar gratis bruk av kommunens lokale
- Verne om grendehusa. Dei er viktige bidrag for levande grender
- Oppretthalde bygdekinoen
- Støtte og utvikle kulturskulen
- Utvikle Åmli bibliotek som eit levande folkebibliotek og skulebibliotek
- Ta vare på og vidareutvikle Elvarheim museum. Elvarheim skal ta vare på og formidle Åmli sin kulturarv til fastbuande og turistar! tillegg bør museet vere ein vegvisar til andre kulturminne og naturopplevingar i kommunen

Veg og samferdsel:

- Sikre trygg veg for barn som skal til skule og barnehage. Gode busshaldeplassar, gang—og sykkelstiar
- Ha mobildekning og breiband i heile kommunen
- Arbeide for standardheving av RV 41, FV 415 og andre fylkesvegar i kommunen
- Arbeide for standardheving og ope veg mellom Flaten og Bøylefoss.
- Oppretthalde kommunale vegar i tråd med gjeldande reglar
- La private vegar framleis få kommunale tilskot
- Arbeide for at industrisporet frå Nelaug til Simonstad skal førast heilt inn i industriområdet, for frakt av tømmer, flis og trelast

Helse, sosial og førebygging (Helse og omsorg?)

- Sørge for å lage eit godt tilrettelagt dagsentertilbud i eigna lokale.
- Ha god kvalitet på tenestene som blir levert i omsorgssektoren
- Sørge for kommunale omsorgstilbod. Alle som ønsker det skal kunne bu heime i eigen bustad eller omsorgsbustad så lenge som mogleg
- Ha eige kjøkken og vaskeri på ÅPOS
- Støtte opp om frivillige og andre som skaper kultur- og aktivitetstilbod for eldre
- Arbeide aktivt for førebyggjande tiltak innanfor rus og psykiatri
- Ha tilsette med kompetanse til å møte framtidens utfordringar
- Tilby lærlingeplassar og større stillingsprosent i omsorgssektoren, for å sikre rekruttering
- Sikre gode tannhelsetenester

Skule og barnehage:

- Ha skule og barnehage med nulltoleranse for mobbing
- Sørge for at vi har ein grunnskule og SFO i stadig utvikling med høg fagleg kvalitet, der elevane trivast
- Oppretthalde og sikre oppvekstsenteret på Dølemo med både skule for 1.-4.kl, SFO og barnehage, så lenge elevgrunnet er der
- Oppretthalde barnehagetilbodet på Selåsvatn
- Ha ein skule der det er kultur for læring. Det er lov å vere god!
- Ha full barnehagedekning med opptak heile året
- Ha høgt fokus på «tidleg innsats» og ha eit godt lag rundt barnet.
- Arbeide for gode rammer for valfag som gjer skulekvardagen variert som til dømes Ungt entreprenørskap.
- Arbeide vidare med «losen», for betre skuleprestasjonar og auka fullføring av vidaregåande utdanning
- Vere ein aktiv skule- og barnehageeigar med forankring i opplæringsplanen, samtidig som vi viser tillit til at skulen sjølv finn gode løysingar.

Næringsliv og busetting:

- Stimulere til utvikling av næringslivet i kommunen
- Fortsette å vere ein pådrivar for etablering på Jordøya, og arbeide aktivt for å utnytte ringverknadene av etableringane.
- Tilrettelegge for å gjere bustadfelte attraktive og lettselde
- Legge til rette for bustadtomter utanfor regulerte område
- Vere positive til utbygging av vasskraft/ småkraft
- Arbeide for å sjå på oppheving av vern i Tovdalselva, ved blant anna å redusere vernet i sidevassdraga og 100- metersbelte
- Hjelp små og store bedrifter med å etablere seg, samtidig som vi tar vare på dei som alt er godt etablerte
- At Åmli kommune skal arbeide for å vere vertskommune for interkommunalt samarbeid og statlege kontor
- Utvikle og marknadsføre industri- og næringsområde i kommunen
- Arbeide for eit samarbeid med fylkeskommunen og stat for ny bru over til Engenes
- Sørge for aktiv bruk av den særeigne Åmli-naturen i turistsamanheng
- Sikre brei kompetanse i det kommunale jord-, skogbruks- og næringsarbeidet
- Stimulere til nydyrking
- Vidareføre ei restriktiv line i saker som gjeld personleg bu- og driveplikt, for å skape gode og levande grender
- Arbeide for å vidareutvikle og vedlikehalde VA-anlegget, og stimulere til å få fleire med på kommunal vatn- og avløpsløyving, med fokus på VA gebyr

